



Trygve H. Vikane
5627 JONDAL

Dato: 05.05.2014
Vår ref.: 2014/13277-8
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Svar på brev. Vegstandard Jondal - Austrepollen

Vi viser til dykker e-post av 28. april 2014 vedkommande vegstandaren på fylkesveg 107 Jondal - Austrepollen.

I Regional transportplan Hordaland 2013-2024 (RTP) er Fv 107 definert som ein overordna fylkesveg. Dette har samanheng med at vegen er eit viktig bindeledd mellom regionsentra, kommunesentra og har i tillegg funksjon som eit diagonalt bindeledd. Når det gjeld trafikktal så har denne strekninga lite trafikk samanlikna med dei andre overordna fylkesvegane i Hordaland. Årsdøgntrafikken (ÅDT) for Jondalstunnelen var i 2013 på 368, noko som er svært lågt i denne samanhengen. Prioritering av tiltak på vegstrekninga er med det noko avgrensa.

Det er kjend at denne vegstrekninga har eit stort standardsprang, ikkje minst gjeld dette skilnaden mellom ny og gammal veg, noko som igjen fører med seg ein utfordrande trafikksituasjon. Dette kjem også fram i din e-post.

I Plan- og byggjeprogrammet for fylkesvegane i Hordaland for 2014 er det for Fv 107 i Jondal/Kvinnherad ført opp nokre midlar, mellom anna eit tiltak mellom Austrepollen og Nordrepollen. Dette er eit standardhevingstiltak som inneber at vegen skal flyttast litt ut frå fjellsida slik at ein unngår at vatn frå fjellet renn ut i vegbanen. Vi merker oss at dette var eit dei momenta som du tok opp i din e-post til oss. Tiltaket er planlagt ferdigstilt i år.

Utover dette er det ikkje planlagt særlege tiltak på denne vegstrekninga inneverande periode.

John Martin Jacobsen
leiar

Lise Adlandsvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.